

# Årsmelding for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2014.

Eldrerådet 2011-2015 er slik sammansatt:

<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Tore Gran, leiar	Haldis Rogne
Aage Kjernerud, nestleiar	Gunnar Berg
Gunvor Onstad	Hjørdis Hegge
Magnhild Strand, Sp	Marit Synnøve Opheim Østli, Ap
Bente Oxhøvd, H	Morten Steinsrud, Sp

Frå sept vart Aage Kjernerud fritatt frå vervet. Gunvor Onstad vart då nestleiar, Gunnar Berg nytt fast medlem og på hans plass som vara vart Jens Rogne Renna vald, K-sak 31/14 og ER-sak 20/14

Rådet hadde 5 møter i 2014 med i alt 26 saker. Årsmeldingar og referat ligg på kommunens heimeside under ”*politikk og val*” eller fåes på Tingvang.

*Saker som er handsama er m.a.:*

*Kommunedelplan HO.* Rådets kontakt med den administrative plangruppa har vore god sjølv om rådet ikkje fekk delta direkte. Det er gitt innspel frå rådet i alle møter i 2014. Første planutkast har uttalefrist 6 febr-15. På ein videokonferanse med husbanken 22 sept. møtte 15 personer frå kommunen. Husbanken hadde mange viktige innspel spesielt til utbygging av nytt omsorgstun. Husbanken inviterte til meir samarbeid. Det ser vi frem til då nytt omsorgstun no inngår i kommunens budsjettvedtak, noko me er taksame for.

*Kommuneplan- samfunnsdel.* Her ga rådet som i 2013 mellom anna innspel med idear for framtida frå andre kommunar. Da som no er det særleg openheit i kommunen både innad og utad me er opptekne av. Dette kom ikkje med i den vedtatte plana og me opplever diverre kommunen som meir og meir lukka. I tillegg fortsetter kommunens lovbrøt som før.

*Kommuneplan- arealdel.* Ved oppstart i desember ga rådsleiar skriftleg innspel om tomteval for nytt omsorgstun, samt nokre råd i det meste frå videokonferansen med husbanken.

*Talerett for rådet.* Tross lovnad om å sjå på dette i kommuna, har det ikkje skjedd noke sjølv om alle partar no er klar over at dette er fullt lovleg og i bruk hos dei andre kommunane i Valdres.

*Årsmelding for 2013* vart denne gong sendt kommunestyret slik loven seier. Forslag frå repr. Ole Kristian Oldre om mellom anna å følgje loven, vart nedstemt. Sjølv om Fylkesmannen i klagesvar ga rådet mykje støtte slik han og gjorde i 2013, vart ikkje punktet om lovbrøt teken opp.

*Heimetenesta.* Auke i bemanninga er som alle tidigare år rådets høgste prioritet. I 2014 var det og levekårsmeida sitt forslag. Her var det oransje tall i kommunebarometeret og vår kommune har lavest ressursbruk pr. bruker i Valdres (SSB). Kommunen har og HO som høgste prioritet, men det er berre på papiret når det gjeld eldre.

*Sjukeheimen.* Etter aksjonen med overbelegg i 2009 har saka roa seg, men med overbelegg og mange ekstra liggedøgn i 2013. For 2014 har kommuneledelsen nektet å gi oss opplysninger om ekstra liggedøgn på sjukehus, sykefravær og overbelegg. Derved øker dessverre fraværet av åpenhet i vår kommune.

*Frivilligsentralen og småjobbsentralen.* Desse fungerer framleis bra, men det er for tida få som ynskjer hjelp.

*Den kulturelle spaserstokken.* Rådsleiar har samarbeida med kultursjefen om dette med arrangement både vår og haust i mange år. Stortinget har no stroke det meste av pengane som var 30 mill. (Den kulturelle skulesekken er samstundes auka med 30 mill til 300 mill.)

*Eldrefest.* Årets fest var på Bygdinstøga med berre 33 til stades. Trivelig sted med god mat og service, men ikkje lett å få folk dit så seint på året. Underhaldning med Norsk Poesi frå V. Slidre i samarbeid med den kulturelle spaserstokken. Svært bra.

*Datakurs for eldre* er halde på biblioteket med 6 deltakarar. Bra. Prøver med nytt i 2015

*Saker for oppfølging i 2015:*

*Reglement for rådet.* Rådet følgjer opp saka vidare?

*Festusbuss.* Det skal jobbast vidare med ny innsamling, men det er no uvisst om det vert heis på bussen.

*Omsorgsplan.* Rådet ynskjer å bidra vidare.

*Omsorgsbustadene.* Pris på husleige og straum.

*Datakurs for eldre.*

*Eldrerådet har i 2014 vært representert på fylgjande andre møter:*

Eldreråda i Oppland på vår og haustkonferanse, samlingar for råda i Valdres og samhandlingsstyret for frivilligsentralen.

Vedtatt eldreråd, 27.04. 2015. Tore Gran, leiar/sign